

Hordaland fylkeskommune

[hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Saksnummer: 2014/673

## Rapport frå kulturminneplanarbeid i Austevoll kommune

Endelig rapport frå prosjektperioden 19.10.17 – 01.06.18

Prosjekt for oppfølging av Austevoll kommune sin kulturminneplan - 'innlegging av prioritert kulturminne i Askeladden', delfinansiert av Hordaland fylkeskommune, vert avslutta 1. juni 2018.

Kristin Magnussen vart engasjert som prosjektmedarbeidar frå 19.10.2017. Magnussen har tidlegare vore engasjert i prosjektstilling i samband med utarbeiding av kommunedelplan for kulturminne i Austevoll kommune.

Magnussen deltok på Hordaland fylkeskommune sin kursdag 'Ny Askeladden-brukar og tilskot til verna kulturminne i Hordaland' i Bergen den 24. august 2017.

Prosjektengasjementet har vert fordelt på 33 arbeidsdagar over 33 veker, fram til 1.6.2018.

Budsjett for prosjektet er kr. 115.000, kor kr 50.000 er løyva frå Hordaland fylkeskommune gjennom ordninga 'tilskot til kulturminneplanarbeid i 2017'. Delfinansiering frå Hordaland fylkeskommune vert knytt til 'Prosjekt A' i søknaden frå Austevoll kommune – innlegging av prioritert kulturminne i Askeladden. Budsjettet har i all hovudsak gått til lønsmidlar og refusjon av transportkostnader. Einaste unntak er innkjøp av eit kamera for dokumentasjon av kulturminne.

Prosjekt A vart primært retta mot mål 1, 2 og 5 i Austevoll kommune sin kulturminneplan. Følgjande arbeid vart prioritert i prosjektet, kor siste punkt har hatt hovudprioritet:

- Registrering av kulturminne som ikkje allereie er registrert i kulturminneplanen.
- Verdisetting av prioriterte kulturminne som ikkje allereie er verdisatt i kulturminneplanen.
- Innlegging av prioritert kulturminne i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.

Ved prosjektperioden sin slutt har prosjektmedarbeidar utført følgjande arbeid:

- satt seg inn i programvara Askeladden
- leita fram tilgjengelig kjeldemateriale
- arbeida med å leggje inn einskilde kulturminne
- vært i felten med eigarar av verneverdige bygg og kulturmiljø
- samordna og sett på arbeidet i forhold til planforslag til ny kommuneplan for Austevoll kommune
- diskutert, fått tips og gitt kulturminnefaglege tips til sakshandsamarar på plan og byggesaksavdelinga i Austevoll kommune
- jobba med synfaring, registrering og samarbeid knytt til SMIL-midlar/Fitjar og Stord Landbrukskontor

- sett på muligheter for finansiering av et større innsamling og dokumentasjonsarbeid knytt til lokal byggeskikk (sendt søknader)

Om ein vurderer stoa til dags dato, er Austevoll no godt i gang med å legge inn kulturminne i nettportalen Askeladden. Det er i denne prosjektperioden lagt inn 45 kulturminne/-miljø i Askeladden. Framleis ser ein at det i Austevoll manglar nødvendig materiale til å få ein fullgod base på Askeladden. Ein står framleis utan ein fullverdig kulturminnefagleg registrering av bygg og kulturmiljø i Austevoll. Informasjon har ein om mogleg leita fram undervegs i prosjektperioden. Av dei kulturminna som no er lagt inn på Askeladden er det manglar når det gjeld, alder, tilstand og anna kulturhistorisk informasjon. Arbeidet tek tid og det er klart at dette arbeidet ikkje er ferdig.

I prosjektperioden er fylgjande arbeid gjennomført:

Oktober 2017:

- Organisering av arbeid i prosjektperioden
- Koordinering med planavdelinga i Austevoll kommune.
- Utarbeide (førebels) liste over prioriterte kulturminne som skal leggest inn i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.

- November 2017:

- Strukturere arbeidet med registrering og verdisetting. Prioriteringar jfr. kommuneplan og mål 2 i Austevoll kommune si kulturminneplan. Engasjere eksterne samarbeidspartnare for arbeid med verdisetting. T.d. Sunnhordland museum, Hordaland fylkeskommune m.fl.
- Få på plass første registreringar i Askeladden innan førebels rapportering.
- Utarbeide førebels rapport. Frist for oversending til HFK er 30.11.17.

- Desember 2017:

- 14. desember: Internt statusmøte
- Invitere prosjektleiarar/kontaktpersonar i lokale kulturminneprosjekt til statusmøte for frivilligheita sine prosjekt knytt til måla i Austevoll kommune si kulturminneplan.
- Engasjere lokalsamfunnet, t.d. kyrkja til innsats retta mot mål 2 i Austevoll kommune si kulturminneplan. Strategisk tilnærming basert på dialog planavdelinga i Austevoll kommune.

- Januar-mars 2018:

- Registrering og verdisetting av kulturminne. Innlegging av prioriterte kulturminne i Askeladden.
- Internt statusmøte.
- Info og drøftingsmøte på fylkeshuset med E.Warren m.fl
- Møte med Maritime Bergen vedrørende bruk av kulturminne og kulturmiljø

- April 2018:

- Registrering og verdisetting av kulturminne. Innlegging av prioriterte kulturminne i Askeladden.
- Synfaring på handels- og gjevarstaden Kvalvågen.
- Synfaring og samarbeidsdrøfting vedr kulturminne med Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor.
- Tur til Interkommunalt arkiv i Bergen for å undersøkje muligheita for meir kjeldemateriale/evnt. arkiverte registreringar.
- Undersøkingar med andre kommunar vedrørende bruk av Plan- og bygningsloven sine paragrafar om «omsynssonar».

- Mai 2018:
  - o Synfaring med Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor
  - o Vurdering av arbeidet og sluttrapportering til Hordaland fylkeskommune
  - o Laga forslag til liste over kulturminne/-miljø som skal inn i den nye kommuneplanen
  - o Laga forslag til vidareføring av arbeidet.

Som ei samla vurdering av denne prosjektperioden så kan ein no seie at Austevoll kommune er godt i gang med kulturminneregistrering i nettportalen Askeladden. Ein har og starta arbeidet med å sjå samanhangar og det er blitt ei auka forståinga av feltet innan forvaltning av kulturminne vs utbygging/riving/brenning. Feltet er eit tema som skal fylgjas opp i arbeidet med den nye kommuneplanen for Austevoll.

Framleis er det eit godt stykke å gå før ein kan seia seg nøgde med status for dei lokale kulturminna. Ein ser at det er behov for meir registrering, lokal ekspertise som kan jobba med synfaring og uttale om kulturminne. Ein ser også behov for bruk av kulturminna i mellom anna pedagogisk og reiselivssamanheng. Med gode opplegg og fagleg tilrettelagt bruk kan ein skapa meir forståing og vern av dei lokale kulturminna.

Sak om vidare oppfølging av arbeidet mot måla i Austevoll kommune sin kulturminneplan vert lagt fram for politikarane i Austevoll hausten 2018.

Med vennleg helsing

**Kristin Magnussen**

Prosjektmedarbeidar/Oppfølging av kulturminneplanen i Austevoll kommune

Storebø den 31.mai 2018